



Uskedal musikklag var hovudaktøren på Stemneplassen i kveld.

**Frammøte kunne vore betre, men loddsalet er det beste som har vore i manns minne. Eigar av Stemneplassen, Uskedal Friluftslag, sit att med ei inntekt nær på kr. 9.000,- Alle frammøtte vart betre kjend med uskedalssongane i kveld,- forfattarane, tekstane og tonane. Wilhelm Bjelland sin Song til Uskedal vart teken fram og friska opp. Teksten er truleg den beste, tonen frå Å, nei for himmel rein og klår av Olav Sande( Garborg: Haugtussa ) er nok ukjend for mange.**



Dei framømte på Stemneplassen i kveld synte stor kjøpevilje på lodd, det beste i manns minne.

Uskedal musikklag skal ha stor takk for at dei brukar ein øvingskveld til friluftskonsert på Stemneplassen. Musikklaget har øvd inn tonane til bygdesongane i Uskedalen. Det kjem vel med. No kan dei brukast når det høver på festlege samkomer. To av dei er arrangert av lokale dirigentar, Yngve Nicolaisen og Bård Ljosnes.

Loddsalet gjekk strykande med 9 utselde loddbøker og 9 gevinstar i gåve frå næringsdrivande i Uskedalen. Hesteskokasting var eit populært innslag. Den beste og vinnarane av Harald Sætre si bok Fram og tilbake til byn vart Audun Eik. Han fekk signert bok av forfattaren. Nær på kom Karin Tungesvik og Lars Myklebust.

***I presentasjonen av forfattarane til uskedalssongane vart det sagt ein feil som med dette skal rettast opp. Anna og Andreas Bjelland hadde 7 born. Agnes ( gift Gausvik ) er mor til Olaf Agnar Gausvik, ikkje Edit slik det vart sagt i kåseriet. Dei var busette i Kleivadalen. Edit, også gift Gausvik, vart busett på Gausvik, seinare i Uskedalen.***

SONG og MUSIKK på Stemneplasen er vel i hamn. Friluftslaget oppmodar lag, organisasjonar og familiar til å bruka plassen og møterommet - ein friluftsplass, ein park i den bygda Søren Feet skriv om i songen: Ei venare bygd trur eg ikkje er i Noreg enn Uskedal.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal





Arnhild Myklebust nådde ikkje til topps på hestrskokastinga, men ho var tett på dei tre beste.



Harald Sætre, forfatter og HSD entusiast, overleverer boka Fram og tilbake til byn til Audun Eik, den beste hestekokastaren i kveld.